

Opplæringsavdelinga

Arkivsak 200306372
Arkivnr. 523
Saksh. Haukeli, Per

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	08.10.2003

GODKJENNING AV BYGGEOPPDRA� - ELEVARBEID

SAMANDRAG

Fylkesutvalet godkjende i møte 19. september 1985, sak 404/85 ”, Reglar for godkjenning av større byggeoppdrag som skulane tek på seg som elevarbeid.” Elevane i studieretning for byggfag utfører ein del kundearbeid. Dette arbeidet er ein lekk i undervisninga. Byggfagklassane er i stor grad avhengige av å ha arbeidsoppdrag utanfor skolen.

Det vert rådd til å endre punkt 5 i ”Reglar for godkjenning av større byggjeoppdrag som skulane tek på seg som elevarbeid” slik at alle søknader frå tilsette i fylkeskommunen skal avgjeraast av opplæringsdirektøren.

FORSLAG TIL VEDTAK

Punkt 5 i ”Reglar for godkjenning av større byggjeoppdrag som skulane tek på seg som elevarbeid” skal lyda:

”Alle søknader om byggeoppdrag frå tilsette skal leggjast fram for opplæringsdirektøren til avgjerd.”

Vedtaket i fylkesutvalet står på side 3.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

FYLKESRÅDMANNEN, 06. oktober 2003:

Fylkesutvalet godkjende i møte 19. september 1985, sak 404/85 ”Reglar for godkjenning av større byggeoppdrag som skulane tek på seg som elevarbeid.” Elevane i studieretning for byggfag utfører ein del kundearbeid. Dette arbeidet er ein lekk i undervisninga. Byggfagklassane er til ein viss grad avhengige av å ha arbeidsoppdrag utanfor skolen. Reglane er gjort kjent for skulane i rundskriv HF-116/85, dagsett 25. september 1985.

Praksisen ved godkjenning av større byggeoppdrag har vore slik:

”

1. *Byggherren sender søknad til skolen vedlagt teikningar, spesifikasjonar og eventuelt godkjenning frå bygningsrådet.*
2. *Søknaden med vedlegg vert lagt fram for skolen sitt yrkesutval for byggfag, som skal vurdere den faglege verdien av oppdraget etter læreplanen for linja.*
3. *Søknaden med yrkesutvalets vurdering vert lagt fram som sak for skoleutvalet, som prioriterer godkjende oppdrag og – med unntak av i saker som kjem inn under punkt 5 - gjer endeleg vedtak om skolen skal ta på seg byggeoppdraget. I hovudsak bør bygg eller arbeid for offentleg og/eller ideelle formål prioriterast. I saker som kjem inn under punkt 5, skal skoleutvalet gje tilråding overfor fylkesskolestyret.*
4. *Ved tvil eller usemje i skoleutvalet ved godkjenning av byggeoppdrag, kan saka leggjast fram for fylkesskolestyret for endeleg avgjerd.*
5. *Søknader frå skolen sine eigne tilsette og tillitsvalde og medlemmer i andre utval knytta til skolen, skal etter handsaming i skoleutvalet leggjast fram for fylkesskolestyret for endeleg avgjerd.”.*

I samband med omlegging av den politiske styringsstrukturen i Hordaland fylkeskommune vart politikkutforminga lagt til komiteane, medan fylkesutvalet og administrasjonen tek seg av driftsoppgåvene. Fylkesskolestyret/utdanningsutvalet vart lagt ned. I sak 37/95 bad fylkestinget om at delegasjonsreglementet vart teke opp til vurdering i løpet av 1996. Fylkestinget føresette ei stor grad av delegasjon av driftsoppgåver til administrasjonen.

Etter dette vart søknader om byggeoppdrag frå skolen sine eigne tilsette handsama av fylkesopplæringsdirektøren. Andre byggeoppdrag vart som tidlegare handsama av skolen sine organ.

Fylkesrådmannen meiner at punkt 5 i ”Reglane om godkjenning av større byggeoppdrag som skulane tek på seg som elevarbeid,” bør strammast inn. Punkt 5 bør endrast til :

”Alle søknader om byggeoppdrag frå tilsette skal leggjast fram for opplæringsdirektøren til avgjerd.”

Når det gjeld den konkrete saka ved Laksevåg videregående skole som er omtala i media i førre veka, hadde ikkje byggherren søkt skolen om byggeoppdraget. Etter som byggherren ikkje er tilsett ved Laksevåg videregående skole, men ved Årstad videregående skole, vil det vere nok å søkje skolen om å utføre byggearbeid etter gjeldande reglar.

Ved innstramming av reglane i tråd med fylkesrådmannen sitt framlegg må byggherren søkje opplæringsdirektøren om godkjenning etter uttale frå skolen.

Omfang av byggeoppdrag

Opplæringsdirektøren har spurt skulane om kor stort omfang med byggeoppdrag det er på skulane på studieretning for byggfag. Grunna knapp tid og haustferie har vi fått tilbakemelding frå to skolar.

Skole 1 har i skoleåret 2003/04 hatt følgjande oppdrag:

1 klasse grunnkurs byggfag: Grunnmur og tømrararbeid på garasje
1 klasse tømrarfag 1(fordelt på tre oppdrag): Legging av nytt tak på bustadhus
Tømrararbeid utvendig arbeid garasje
Tømrararbeid innreiing av loft

Skole 2 har hatt følgjande oppdrag forrige skoleår:

1 klasse grunnkurs byggfag (elevbedrift) Sette opp forstøtningsmur og skifta kledning og vindauge i eit bustadhus
1 klasse vklI anleggsmaskinførar har hatt mindre oppdrag for forsvaret og kommunen

Fylkesutvalet 08.10.2003

VEDTAK

Punkt 5 i ”Reglar for godkjenning av større byggeoppdrag som skolane tek på seg som elevarbeid” skal lyda:

”Alle søknader om byggeoppdrag frå tilsette skal leggjast fram for opplæringsdirektøren til avgjerd.”

Nytt punkt 6 skal lyda:

”Skolen pliktar å kontrollera at tilfredsstillande HMT-rutinar og system, og fysisk sikring etter gjeldande regelverk og standardar, er på plass på byggeplassen.”